

# Det rette fôret til SAU OG LAM



**FORMEL**

**VÅRT FELLESKJØP!**



Felleskjøpet Rogaland Agder

# KRAFTFÔR TIL LAM

## **FORMEL Mysli Start**

– for lam frå 1-6 veker

FORMEL Mysli Start er særskilt tilpassa unge drøvtyggjarar og høver godt som startfôr til lam, som av ulike grunnar ikkje går med mora. Fôret har eigenskapar og innhald som gir tidleg utvikling av drøvtyggjarfunksjonen.

Etter ein kort mjølkeperiode, ca 4 veker, kan FORMEL Mysli Start og vatn overta for mjølka, dersom lammet et 100 gram kraftfôr per dag. Når lamma er 6 veker kan dei få FORMEL Lam.

## **FORMEL Lam**

– støttefôring i tillegg til beite

FORMEL Lam er eit spesialutvikla og fiberrikt kraftfôr til støttefôring og intensiv framfôring av lam. Fôret sikrar god proteinforsyning til rask vekst på lamma, og er samansett slik at lamma tåler fri tilgang. Fri tilgang vil seia at lamma heile tida kan eta det dei vil. Det er svært viktig at dei aldri går tomme for kraftfôr.

## **FORMEL Lam Haust**

– for oppfôring etter beitesesongen

FORMEL Lam Haust blir nytta til oppfôring av lam som ikkje er slaktemodne om hausten. Blandinga har fiber- og proteininnhald tilpassa lam som er fullt utvikla drøvtyggjarar. Praktiske testar og mange års erfaring syner ein tilvekst på 10-12 kg på ein månad med fri tilgang på FORMEL Lam Haust. Lamma må først vaksinerast og behandlast mot snyltarar.



**Meir informasjon om sau og lam: [www.fkra.no](http://www.fkra.no)**

# KRAFTFÔR TIL SAU

## FORMEL Sau

– det vanligaste mjølkefôret

FORMEL Sau er eit smakeleg, proteinrikt kraftfôr med høgt innhald av E-vitamin. FORMEL Sau sikrar høg mjølkeproduksjon etter lamming. Sjølv om det er eit godt mjølkefôr, kan det brukast som einaste kraftfôr til sau frå innsetjing til beiteslepp. Ved proteinsvakt grovfôr om hausten, kan FORMEL Sau med fordel også brukast i paringstida.

Tilrådd tildeling:

- I paringstida 0,4 kg/dag
- Inneføringssesong, etter paring, 0,3 kg/dag
- Seks veker før lamming, frå 0,3 til 0,5 kg/dag ved lamming
- Etter lamming med ett lam, 0,7 – 1,0 kg/dag
- Etter lamming med tvillingar, 1,5 kg/dag
- Etter lamming med trillingar, 1,7 – 2,0 kg/dag
- Livlam 0,7 kg frå innsett til lamming. Etter lamming som vaksen sau.

## FORMEL Sau Ekstra

– for høg mjølkeytelse

FORMEL Sau Ekstra har høgt proteininnhald og nyttar mjølkeegenskapane hjå sauen maksimalt. Saueprodusentar som ynskjer å vera i fremste rekke med tilvekst og slakteresultat på lamma, nyttar denne blandinga.

Dosering som omtalt under FORMEL Sau.

## FORMEL Sau Intensiv

- for store flokkar med fri tilgang på kraftfôr

Strukturendringane skjer også i sauehaldet, flokkane vert større og kravet til arbeidsinnsats vert høgare. For å rasjonalisera tildelinga av kraftfôr, kan appetittføring i tida etter lamming vera løysinga for nokre. Det passar også bra til søyer som går med fleire enn to lam.

Ved appetittføring må søya venjast til fri tilgang etter lamming og sleppast i fellesbinge etter 2-3 dagar. Hugs tilgang på godt, grovt grovfôr og reint, friskt vatn.

## FORMEL Sau Fiber

– vinterføring til ca. 6 veker før lamming

Sauen får normalt dekt proteinbehovet gjennom grovfôret i inneføringssesongen. Difor har FORMEL Sau Fiber lågt innhald av protein, og låg PBV. Ved sterkt gjødsla og tidleg slått grovfôr i paringstida, kan for mykje lettløseleg protein i fôrrasjonen redusera fruktbarheita. FORMEL Sau Fiber er laga for å gjera vinterføringa billegare.

Tilrådd tildeling:

- Dosering fram til 6 veker før lamming, 0,3 kg/dag
- Ved lite og dårleg grovfôr, 0,4–0,5 kg/dag

FORMEL Sau er også eit alternativ til vinterføring.

# MJØLKEERSTATNING OG TILSKOTSFØR

## Plus

### PLUS PONTUS LAM Mjølkeerstatning

PLUS PONTUS LAM inneheld naturleg mjølkepulver, har høg fordøyelighet og gir høg tilvekst med lite pulver. Alle lam må ha minst 200 gram råmjølk innan 4 timar etter fødsel, deretter veks lamma svært godt med fri tilgang av PLUS PONTUS LAM.

Blandingsforhold er 4 dl pulver + 8 dl vatn som gir ca. 1 liter mjølkeerstatning. Lamma kan avvennast med mjølkeerstatning ved 4-5 vekers alder.

### PLUS VMBLOKK SAU 22,5 KG

Allsidig tilskotsfôr utan kopar i form av slikkestein i bømte.

### PLUS MULTILSKUDD SAU PELL 25 KG

Ei smakeleg mineral- og vitaminblanding i pelletsform utan kopar. Tildeling på 20 gram per dag dekkjer dei fleste situasjonar.

### PLUS MULTILSKUDD APPETITT SAU 25 KG

I pulverform som kan givast i fri tilgang til innefôring og på beite.

### PLUS SLIKKESTEIN RØD

Er tilsett kopar og blir tilrådd brukt på beite der det er fare for koparmangel. Tilsett kobolt.

### PLUS SLIKKESTEIN KVIT

Er ikkje tilsett kopar. Nyttast på beite der det er fare for koparforgiftning. Tilsett kobolt.

### PLUS Energibalanse tørr eller flytande

PLUS Energibalanse er eit diettfôr som førebyggjer ketose hjå søyer i risikogrupper. Fôret syter for høgt blodsukkernivå og opprettheld appetitten hjå søya. Den tørre typen må givast saman med kraftfôret, medan den flytande kan givast ved å hella væska i sauer som er i risikogrupper.

## Kontakt oss for faglege råd:

### Ådne Undheim

Fagkonsulent hest/småfe

Tlf: 907 62 714

[aadne.undheim@fkra.no](mailto:aadne.undheim@fkra.no)

### Egil Hervik

Kundekonsulent. Nord-Rogaland og deler av Hordaland

Tlf: 915 47 591

[egil.hervik@fkra.no](mailto:egil.hervik@fkra.no)

### Harald Støyl

Kundekonsulent. Aust-Agder og Vest-Agder

Tlf: 975 60 020

[harald.stoyl@fkra.no](mailto:harald.stoyl@fkra.no)

**Ordretelefon: 800 30 640**

**VÅRT FELLESKJØP!**



Felleskjøpet Rogaland Agder